



Reidar Haukland
Vetåsvegen 75
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1548 - 14/6462

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
13.06.2014

Byggesak gbnr 84/16 Haukland søndre - søknad om ansvarsrett for tilkoping til kommunalt vatn - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 131/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Vetåsvegen, Haukelandsvika**
Tiltakshavar : Reidar Haukland
Ansvarleg søker : Stendal VVS as
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om framføring av vassleidning frå Vetås til Haukelandsvika gnr. 84 bnr. 7 og bnr. 16. Naust og sjøbu i Haukelandsvika skal tilknytast kommunalt vassverk.

Tiltaket vert utført med borehol frå Vetås gnr. 86 bnr. 39 til sjø og vidare med leidning til Haukelandsvika.

Søknaden omfattar ansvarsrettar for søker-, prosjekterande- og utførande funksjonen i tiltaket. Det vert elles vist til søknad mottatt 12.06.14.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definer som LNF-område. Tiltaket er etter kommunens vurdering i tråd med planen. Tiltaket vert utført utan synlege terrenginngrep.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Tiltak som vert utført i sjø er avhengig av godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen. De må sendast søknad til BOH for godkjenning etter hamne- og farvasslova.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Byggjesaksmynde i Radøy kommune vurderer at tiltaket ikkje råkar naboar i noko særleg grad og at det kan gjevast fritak for nabovarsling i denne særskilte saka, jf. PBL. 21-3(2).

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 12.06.14.

Heimelshavarfråsegn

Det ligg føre avtale med eigar av gnr. 86 bnr. 39, datert 01.06.14, der det er gjeve løyve til framføring av vatn over hans eigedom. Avtalen inneber også løyve til å leggje borehol frå kommunal kum i veg og til sjø om lag 18 meter.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1

Føretaket **Stendal VVS as**, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stendal VVS as**, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering tilkopling til kommunalt vatn. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stendal VVS as**, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring tilkopling til kommunalt vatn. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.06.14. og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtaket:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for etablering av borehol og framføring av vassleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnener føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Det må liggje føre godkjenning av tiltaket frå Bergen og Omland Havnevesen.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 - Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVARSOMRÅDE
Stendal VVS as, org.nr. 980626180	S	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Stendal VVS as, org.nr. 980626180	S	PRO	1	Prosjektering tilkopling til kommunalt vassverk
Stendal VVS as, org.nr. 980626180	S	UTF	1	Utføring tilkopling til kommunalt vassverk

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument , skal alltid vere tilgjengelig på byggeplassen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 110.2.8	Gebyr delt sakshandsaming	kr	<u>2 600,-</u>
	Totalsum	kr	2 600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/1548

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Reidar Haukland

Vetåsvegen 75 5938

SÆBØVÅGEN